

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Vestland fylkesting er i gang med å førebu seg på vedteken omlegging innanfor drosjenæringa, som skal tre i kraft frå 01.11.2020. Dette arbeidet avdekkar at ordninga med einerettar ser ut til å treffe dårleg, mest fordi pasientreiser ikkje går inn som ein del av ordninga.

Drosjen er ein viktig del av kollektivsystemet, både opp mot fleksible ruter, skuleruter, TT-køyring og helsetransport. Marknaden for konkurranse om drosjekøyring kan vere for liten dersom ikkje alle offentlege innkjøparar spelar på lag.

Dette er m.a. synleggjort gjennom dei anboda Helse Bergen har hatt, og der fleire distriktskommunar framleis står utan avtale. I samband med at ein ikkje har kome til semje om lågare pris frå drosjene, er Helse Bergen i offentlege dokument tydelege på at dei vil vente på innføring av nye løyvegrenser før dei går vidare i forhandlingane. Det sett tilbodet i fare for brukarane. Det vil kunne medføre at brukarane må forskottere utgifter til drosje, noko som vil vere krevjande for store pasientgrupper. Det ironiske er at pasienten har rett på å få dekka utgiftene, så det offentlege vil totalt sett ikkje spare pengar på ei slik ordning.

Ordninga med einerettar, som frå regjeringa si side var meint å fange opp dei negative utslaga omlegginga av drosjenæringa kunne få i distrikta, ser så langt ikkje ut til å tene målet. Mest truleg fordi pasienttransporten ikkje inngår i einerettane. Det er derfor svært få kommunar og drosjeeigarar som ønskjer einerettane innført, både i Vestland fylke og i landet elles.

Vestland Fylkesting ber regjeringa ved Samferdselsdepartementet, Helsedepartementet og Distriktsdepartementet følgje verknaden av innføringa nøye, og ta naudsynte grep som sikrar at ein heile tida har eit tilfredsstillande drosjetilbod, også for grupper med særskilde behov, heildøgns opningstider, og tilbod i helgene.

Fylkestinget meiner ein særleg må sjå alle offentlege innkjøp, også pasienttransport, i samanheng og la dei vere ein del av einerettane.

I fleire kommunar er det allereie vanskeleg å rekruttere nye drosjeeigarar. Det hastar derfor å finne fram til attraktive ordningar som sikrar tilbodet til folk. Ein må ikkje vente så lenge med inngrep at drosjene i mellomtida er lagt ned.»

Avrøysting

Det var 64 medlemmer til stades.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (MDG og 1 SV).

Vedtak

Vestland fylkesting er i gang med å førebu seg på vedteken omlegging innanfor drosjenæringa, som skal tre i kraft frå 01.11.2020. Dette arbeidet avdekkar at ordninga med einerettar ser ut til å treffe dårleg, mest fordi pasientreiser ikkje går inn som ein del av ordninga.

Drosjen er ein viktig del av kollektivsystemet, både opp mot fleksible ruter, skuleruter, TT-køyring og helsetransport. Marknaden for konkurranse om drosjekøyring kan vere for liten dersom ikkje alle offentlege innkjøparar spelar på lag.

Dette er m.a. synleggjort gjennom dei anboda Helse Bergen har hatt, og der fleire distriktskommunar framleis står utan avtale. I samband med at ein ikkje har kome til semje om lågare pris frå drosjene, er Helse Bergen i offentlege dokument tydelege på at dei vil vente på innføring av nye løyvegrenser før dei går vidare i forhandlingane. Det sett tilbodet i fare for brukarane. Det vil kunne medføre at brukarane må forskottere utgifter til drosje, noko som vil vere krevjande for store

pasientgrupper. Det ironiske er at pasienten har rett på å få dekka utgiftene, så det offentlege vil totalt sett ikkje spare pengar på ei slik ordning.

Ordninga med einerettar, som frå regjeringa si side var meint å fange opp dei negative utslaga omlegginga av drosjenæringa kunne få i distrikta, ser så langt ikkje ut til å tene målet. Mest truleg fordi pasienttransporten ikkje inngår i einerettane. Det er derfor svært få kommunar og drosjeeigarar som ønskjer einerettane innført, både i Vestland fylke og i landet elles.

Vestland Fylkesting ber regjeringa ved Samferdselsdepartementet, Helsedepartementet og Distriktsdepartementet følgje verknaden av innføringa nøye, og ta naudsynte grep som sikrar at ein heile tida har eit tilfredsstillande drosjetilbod, også for grupper med særskilde behov, heildøgns opningstider, og tilbod i helgene.

Fylkestinget meiner ein særleg må sjå alle offentlege innkjøp, også pasienttransport, i samanheng og la dei vere ein del av einerettane.

I fleire kommunar er det allereie vanskeleg å rekruttere nye drosjeeigarar. Det hastar derfor å finne fram til attraktive ordningar som sikrar tilbodet til folk. Ein må ikkje vente så lenge med inngrep at drosjene i mellomtida er lagt ned.